
Saksnr: 2020/47906-13
Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021
Hovudutval for opplæring og kompetanse		23.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024 slik det kjem fram i saka.
2. Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit likeverdig bibliotektilbod.
3. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å organisere gjennomføring av planen.
4. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om rapportering om framdrift i planarbeidet.

Samandrag

Skulebiblioteket er forankra i nasjonale og regionale styringsdokument. Utvikling av bibliotekenesta vil auke kvaliteten på opplæringa og bidra til fornying og forbetring av vidaregåande opplæring i fylket

Skulebiblioteka er ein viktig pedagogisk og sosial ressurs i vidaregåande opplæring. For å utjamne forskjellar mellom skulane og for å nytte bibliotekenesta godt, har planen eit samla perspektiv på utviklinga. Planen legg vekt på å ta skulebiblioteket i bruk som pedagogisk ressurs, utvikling av det fysiske biblioteket, av digitale og fysiske samlingar, tilgang til bibliotekarkompetanse, samarbeidet med kommunale bibliotek og utvikling av infrastruktur og profesjonsfaglege nettverk.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021 - 2024
- 2 Kartlegging av skulebiblioteka i vidaregåande skule i Vestland. Samandrag.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i juni 2020 (PS 69/2020) at det skal utarbeidast ein plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune. Det blei vidare vedtatt at:

2. Planen bør ha vekt på:
 - a) *bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule*
 - b) *skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing*
 - c) *samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek*
 - d) *potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning*
 - e) *moglegheiter som ligg i digital teknologi når det gjeld utlån og formidling*
3. I det vidare arbeidet med planen ber fylkestinget rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet, jfr. RS 14/20 i hovudutval for opplæring og kompetanse
4. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av bibliotektenester i Vestland fylkeskommune
5. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett
6. Arbeidet med strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåast i samheng med arbeidet som er i gang med eit mål- og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke
7. Fylkeskommunedirektøren organiserer planarbeidet i avdeling kultur, idrett og inkludering og avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast

Planprosess

Arbeidet med strategien har vore organisert som eit prosjekt.

- Styringsgruppe: avdelingsdirektør opplæring og kompetanse og avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering
- Prosjektgruppe: seniorrådgjevar frå seksjon for bibliotekutvikling (leiar), skulebibliotekkoordinator, ein områdeleiar og ein frå seksjon for kvalitet i opplæringa.
- Referansegruppe: Ein representant frå Vestland ungdomsutval, fire rektorar og fire skulebibliotekarar

Det har vore innspelsmøte med elevar, skulebibliotekarar og rektorar. Undervegs har ein besøkt åtte skulebibliotek og samtalt med rektorar og skulebibliotektilsette. Referansegruppa har vore aktiv i arbeidet, både med individuelle innspel og på møte. For å kartlegge status og utfordringar, vart det i november 2020 sendt ut ei spørjeundersøking til alle rektorar i fylket. Vedlagt er eit samandrag av undersøkinga.

Skulebiblioteket i nasjonale og regionale føringar

I framlegg til ny opplæringslov heiter det (13-6. Bibliotek) at «Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane har tilgang til eit bibliotek. Biblioteket skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida og tilrettelagt for bruk i opplæringa»

Den nye læreplanen skal ruste elevane best mogleg for framtida, og skulebiblioteket som læringsarena er viktig for å oppnå måla i LK20. Læreplanen legg vekt på elevaktive læringsformer og djupnelæring, og legg til rette for at elevane skal utvikle seg gjennom å arbeide slik at dei ser samanhengar mellom faga, utviklar evna til å tenke kritisk og reflektere over det dei lærer. Dette vil gjere elevane rusta til å møte framtidens krav.

I Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 vert det lagt vekt på skulebiblioteket som stad for leselyst og leseglede, og at velfungerande skulebibliotek kan støtte opp om nasjonale mål knytt til bl.a.

djupnelæring, kritisk tenking, danning og personleg vekst. Bruk av skulebibliotek kan ha ei særleg viktig rolle i arbeid med leseferdigheit og leseglede, språkkompetanse, medie- og informasjonskompetanse samt digital dømmekraft. Biblioteket kan vere ein arena der skulen bygger gode og inkluderande fellesskap som fremmer trivsel for alle

I planverket for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune er det vedtatt at opplæringa skal fornyast og forbetrast for å auke gjennomføringa. Temaplanen «Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring» er eit verktoy i arbeidet. Eit godt bibliotektilbod kan knytast til dei fire måla i planen:

1. Elevar og læringar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø
2. Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen
3. Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning
4. Vidaregåande opplæring i Vestland er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv.

Gode skulebibliotek kan vere eit verkemiddel i arbeid for å nå mål for vidaregåande opplæring i Vestland. Utvikling av bibliotektenesta vil auke kvaliteten på opplæringa og bidra til fornying og forbetring av vidaregåande opplæring i fylket.

Eit velfungerande skulebibliotek

Skulebiblioteket blir ofte omtalt som hjartet i skulen. Dette viser at det er del av kjerneverksemda, som støttefunksjon og ressurs som fremjar læring og undervisning. Biblioteket bidrar til kritisk tenking, demokrati og medborgarskap og er ein studiestad ein kan nytte utan tilsyn av lærar. Eit velfungerande bibliotek har gode lokale, nok personale, og aktuelle digitale og fysiske samlingar.

Føremålet med planen er å styrke betydninga av velfungerande skulebibliotek som pedagogisk ressurs, og gi elevar, lærlingar og tilsette i Vestland eit meir likeverdig skulebibliotektilbod. Biblioteket må vere tilpassa undervisningsaktivitetane og det miljøskapande arbeidet på kvar skule. Skulen må ha eit avklart og bevisst forhold til kva bibliotekteneste dei tilbyr sine elevar og tilsette. Planen skal vere mogleg å gjennomføre i ein krevjande økonomisk situasjon.

Hovudmål og strategiar

Hovudmål:

Alle elevar, lærlingar og tilsette i vidaregåande opplæring i Vestland har tilgang til eit godt skulebibliotek som er ein pedagogisk ressurs for den enkelte skule. Biblioteket sikrar eit trygt og stimulerande læringsmiljø, og ein integrert og varig del av skulen si pedagogiske verksemd.

Strategiar:

1. Integre skulebiblioteket i læringsmiljø og pedagogisk arbeid
2. Utvikle og utnytte biblioteket som studieverkstad og sosialt rom
3. Utvikle gode og relevante fysiske og digitale samlingar
4. Gi elevar og tilsette tilgang på bibliotekkompetanse
5. Samarbeide med lokalt folkebibliotek
6. Utvikle infrastruktur og faglege nettverk

Vedlagt saka er planen med omtale av strategiane.

Samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett

Bibliotektenesta vert finansiert av kvar einskilt skule, avdeling for opplæring og kompetanse og avdeling for kultur, idrett og inkludering. Utgiftene vert avklart årleg i driftsbudsjetta til kvar av partane.

Under er eit oversyn over ressursbehov og finansiering:

	Ressursbehov	Finansiering
Kvar skule:		
Ressurs til bibliotekpersonale	Kvar skule prioriterer stillingsressurs ut frå sine behov	Skulens rammebudsjett
Transportordning	15 - 20 000 kr i året	Skulens rammebudsjett
Bok- og mediebudsjett	Kvar skule vurderer behov for oppdatering av fysisk og digital samling	Skulens rammebudsjett
Kompetanseheving		Skulens rammebudsjett
Biblioteksystem	Ca. 9000 kr per skule i årleg kostnad	Skulens rammebudsjett
E-bøker, programvare og innhald	2500 kr i 2021. Vert vurdert årleg relatert til bruk	Skulens rammebudsjett
Avdeling for opplæring og kompetanse:		
Sentralt abonnement på digitale ressursar	Ressursbehov må utgreiast	Opplæring og kompetanse
Utvikle og halde ved like infrastruktur, fagleg nettverk mv.	Avdeling for opplæring og kompetanse vurderer behov og omfang	Opplæring og kompetanse
Avdeling for kultur, idrett og inkludering		
E-bøker: organisering av konsortiet og innkjøp	Budsjett 2021: ca. 850 000 kr Inkludert bidrag frå kommunane og dei vidaregåande skulane	Seksjon for bibliotek-utvikling. Vurderast årleg relatert til bruk i skulane.
Transportordning: grunnfinansiering og organisering	Budsjett 2021: ca. 1, 308 mill kr frå fylkeskommunen.KPI-regulerast.	Seksjon for bibliotek-utvikling. Vurderast ved nytt anbod.
Organisering av og tilbod om kurs og konferansar	Finansierast med konferanseavgift og budsjett	Seksjon for bibliotek-utvikling

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. vedteke reglement for fylkestinget, punkt 2.1.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Strategiplanen skal kunne gjennomførast innanfor gjeldande budsjett. Kvar skule må prioritere tenesta innanfor si ramme, men det bør vurderast ei styrking slik at ein sikrar minimum bibliotekarressurs på kvar skule.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Tilgang til bibliotek er ein del av det ålmenne folkehelsearbeidet

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Bibliotekverksemd som ligg i skjæringspunktet mellom kultur, utdanning og livslang læring, folkehelse og sosialt arbeid, er eit godt utgangspunkt for å arbeide aktivt med FN sine berekraftsmål og er viktige bidragsytarar til mange av måla.

Planarbeidet følgjer opp satsingar i Regionale kulturplan i Hordaland 2015-2025, Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027 og DP1.2 Heilskap og kvalitet i den vidaregåande opplæringa.

Samarbeid mellom skule og folkebibliotek utviklar lokalsamfunn og bidreg til gode tenester og eit framtidretta Vestland.

Konklusjon

Skulebiblioteket er forankra både i nasjonale og regionale styringsdokument. Gode skulebibliotek kan vere eit verkemiddel i arbeid for å nå mål for vidaregåande opplæring i Vestland. Utvikling av bibliotektenesta vil auke kvaliteten på opplæringa og bidra til fornying og forbetring av vidaregåande opplæring i fylket

Bibliotektenesta er finansiert av kvar skule, avdeling for opplæring og kompetanse og avdeling for kultur, idrett og inkludering. Utgiftene vert avklart årleg i driftsbudsjetta til kvar av partane, men det bør vurderast ei styrking slik at ein sikrar minimum bibliotekarressurs på kvar skule.

Skulebiblioteka er ein viktig pedagogisk og sosial ressurs i vidaregåande opplæring. For å utjamne forskjellar mellom skulane og for å nytte bibliotektenesta godt, har planen eit samla perspektiv på utviklinga. Planen legg vekt på å ta skulebiblioteket i bruk som pedagogisk ressurs, utvikling av det fysiske biblioteket, av digitale og fysiske samlingar, tilgang til bibliotekarkompetanse, samarbeidet med kommunale bibliotek og utvikling av infrastruktur og faglege nettverk.